

Den enkle bistandsavtalen

Avtale om bistand frå Konsulent
med spesifisering integrert i avtaleteksten

Statens standardavtalar om konsulenttenester
SSA-B enkel

Avtale om konsulentbistand

Avtale om

SAK 18-1412 Forstudie Kyststien mellom Alversund og Knarvik

er inngått mellom:

[Skriv her]

(heretter kalla Konsulenten)

og

[Skriv her]

(heretter kalla Kunden)

Stad og dato:

[Skriv sted og dato her]

Lindås kommune

[Konsulentens navn]

Underskrifta til Kunden

Underskrifta til Konsulenten

Avtalen skal underteiknast i to eksemplar, eitt til kvar part.

Førespurnader

Alle førespurnader som gjeld denne avtalen, skal rettast til:

Hos Kunden:

Hos Konsulenten:

Namn:

Namn:

Stilling:

Stilling:

Telefon:

Telefon:

E-post:

E-post:

Innhald

1. ALMINNELEGE VILKÅR.....	4
1.1 OMFANGET AV KONSULENTBISTANDEN.....	4
1.2 TOLKING – RANGORDNING	13
1.3 VARIGHEIT	13
1.4 PARTANE SINE REPRESENTANTAR.....	13
1.5 NØKKELPERSONELL	14
2. ENDRING, STANSING OG AVBESTILLING	14
2.1 ENDRINGAR I YTINGA ETTER AVTALEINNGÅINGA.....	14
2.2 MELLOMBELS STANSING AV BISTANDEN	14
2.3 AVBESTILLING.....	15
3. PARTANE SINE PLIKTER.....	15
3.1 KONSULENTEN SINE PLIKTER.....	15
3.2 LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR	15
3.3 KUNDEN SINE PLIKTER	16
3.4 MØTE	16
3.5 RISIKO OG ANSVAR FOR KOMMUNIKASJON OG DOKUMENTASJON.....	16
3.6 TEIEPLIKT.....	16
3.7 SKRIFTLIGHEIT	17
4. VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR	17
4.1 VEDERLAG	17
4.2 FAKTURERING	18
4.3 FORSEINKINGSRENTE	18
4.4 BETALINGSMISLEGHOLD	19
4.5 PRISENDRING.....	19
5. OPPHAVS- OG EIGEDOMSRETT.....	19
6. MISLEGHOLD	19
6.1 KVA SOM VERT REKNA SOM MISLEGHOLD	19
6.2 VARSLINGSPLIKT.....	19
6.3 SANKSJONAR VED MISLEGHOLD	20
6.3.1 <i>Tilbakehald av ytingar.....</i>	<i>20</i>
6.3.2 <i>Prisavslag.....</i>	<i>20</i>
6.3.3 <i>Heving</i>	<i>20</i>
6.3.4 <i>Erstatning.....</i>	<i>20</i>
6.3.5 <i>Erstatningsavgrensing.....</i>	<i>20</i>
7. ANDRE VILKÅR.....	21
7.1 FORSIKRINGAR	21
7.2 OVERDRAGING AV RETTAR OG PLIKTER	21
7.3 KONKURS, AKKORD E.L.	21
7.4 FORCE MAJEURE.....	21
8. TVISTAR	22
8.1 RETTSVAL	22
8.2 FORHANDLINGAR	22
8.3 MEKLING.....	22
8.4 DOMSTOLS- ELLER SKILSDOMSBEHANDLING.....	22
9. ANDRE ENDRINGAR OG TILLEGG TIL AVTALETEKSTEN.....	22

1. ALMINNELEGE VILKÅR

1.1 OMFANGET AV KONSULENTBISTANDEN

Konsulenten skal yte fagleg bistand under leiging av Kunden, heretter kalla bstanden.

Kommunestyret i Lindås kommune vedtok den 2. november 2017 (sak 092/17) planprogram for Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen. Planprogrammet inneheld omtale av mål og tema for planarbeidet. Eit av måla for planarbeidet, i kap. 4.1.4 Tilknytning til sjø, Kystlinja, er; *Sikra gjennomføring av Kyststien*.

Kyststien er i tillegg omtalt i kap. 4.1.6 Friluftsliv og rekreasjon: (...). «*Det er mogleg å etablere ein sti langs med sjøsida for å sikra tilgang langs med strandlina i området Alversund-Gjervik. Stitraséen er vist på plankartet i gjeldande kommunedelplan og endeleg fastsetjing av trasé for kyststien vert del av dette planarbeidet*».

Lindås kommune treng konsulentbistand til å utarbeide ein forstudie for kyststi mellom Alversund og Knarvik.

Leveranse frå oppdragsgiver

- Lindås kommune har gjennomført synfaring og har kartfesta ein førebels trasé for Kyststien. Fastsatt trasé er i all hovudsak i tråd med den trasé som er lagt inn i eksisterande kommunedelplan for Knarvik-Alversund.
- Det er identifisert 8 delstrekningar for Kyststien. Delstrekningane er ulike på mellom anna grad av eksisterande bebyggelse, topografi, m.m. Utgangspunktet for den enkelte delstrekning gjev ulike utgangspunkt for kva standard på kyststien det er det er realistiske å få etablert. Det er utarbeida ein førebels vurdering av den enkelte delstrekning, sjå tabell under, som grunnlag for det vidare arbeidet.

Leveranse frå konsulent

Forstudie med følgjande tema;

1. Avklare funksjon og formål med kyststien:
 - Omtale av og tilråding til kva kyststien skal vere og kva behov den skal dekke. For nokre delstrekningar vil kyststien primært vere ein turveg, men for andre delstrekningar vil kyststien vere ein viktig trase for skule- og arbeidsreiser.
2. Fastsette trasé og tilrå standard for kyststien:
 - Utgangspunktet er at kyststien skal være ein samanhengande sti langs kystlinja, men også ha gode koblingspunkter lokalt og være del av ei rundløype der dette er mogeleg. Planane for kvar delstrekning skal vise påkobling lokalt, evt rundløyper og andre tilbod som parkar, utkikkspunkt, badeplassar, fiskeplassar mm.

- Konsulent skal, med utgangspunkt i dei 8 definerte delstrekningane gje ei vurdering og ei tilråding av trasé og standard. Med utgangspunkt i førebels trasé skal konsulent tilrå eventuelle justeringar/mindre endringar av valt trasè. Trasè for kyststien skal inn i Kommundelplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen som ein stipla linje. Linje skal vere juridisk bindande.
 - I nokre tilfeller vil det vere aktuelt å legge opp til ei trinnvis utbygging (fase 1 og fase 2). For å få etablert ein samanhengane kyststi kan det vere formålsteneleg i fase 1 å tilrå ein trase med utgangspunkt i eksisterande veg. Fase 2 vil vere ein trase kor kyststien blir bygd ut nærare kysten. For nokre delstrekningar vil det vere krevjande å få etablert ein kyststi på utsida av etablert busetnad, både kostandsmessig og på grunn av omsynet til private eigedomar. Fase 2 vil gjerne innebere større inngrep som bygging av bru eller utbygging av kyststien på påler eller hengande inntil fjellveggen.
 - Konsulent skal levere prinsippsnitt turvei 1:50 innanfor dei 8 delstrekningane.
3. Skilting, merking og lyssetting av kyststien
- Konsulent skal presentere prinsipp for merking og skilting av kyststien.
 - Konsulent skal vurdere eventuell lyssetting av Kyststien innanfor kvar av dei 8 delstrekningane.
4. Erfaringstal forventa kostnad
- Konsulent skal presentere erfaringstal for realisering av Kyststien for den enkelte delstrekning. I nokre tilfeller vil det vere aktuelt å presentere to ulike trasear (fase 1 og fase 2) med ulik standard for ein delstrekning. I dei tilfelle skal erfaringstal for forventa kostnad presenterast for den enkelte standard.
 - Skal inkludere omtale av kostnad for skilting, merking, samt lyssetting.
5. Vidare arbeid
- Forstudien skal gje ei tilråding til vidare arbeid fram til konkret utbygging og realisering av kyststien. Det inkluderer ei vurdering av om det er behov for detaljregulering før arbeidet med selve realisering av kyststien kan starte opp.

Arbeidsgruppe

Arbeidet skal gjennomførast i samarbeid med ei arbeidsgruppe der relevante avdelingar i Lindås kommune er representert. Det skal vurderast om arbeidsgruppa ved behov skal utvidast med andre relevante aktørar; representantar frå byggenæringa, velforeiningar, m.m. Som eit utgangspunkt er det truleg behov for 2 til 3 møter i arbeidsgruppa. Ved oppstart av arbeidet vil representantar frå Lindås kommune og konsulent gjennomføre synfaring av området.

Politisk styringsgruppe

Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune er politisk styringsgruppe for arbeidet med Kommunedelplanen for Knarvik-Alversund med Alverstraumen. Punkt 1, «Avklare funksjon og formål med Kyststien» under «Leveranse frå konsulent» må tas opp til drøfting i den politiske styringsgruppa. Ei omtale av kva som må vere på plass før ein kan ta saka opp til drøfting i den politiske styringsgruppa, vil vere ein del av konsulentens sitt forslag til organisering og opplegg for utarbeiding av forstudien.

Medverknad med grunneigarar og andre interessentar

I samband med ferdigstilling av forstudien skal det arrangerast open kontordag og/eller folkemøte med innbyggjarar og andre interessentar i området. Formål med møte vil vere å informere om hovudfunn i forstudien, og vidare arbeid fram mot realisering. Konkrete innspel til justering av traséen vil vere ein del av fyrste gongs høyring av planforslaget til kommunedelplanen. I utgangspunktet legg Lindås kommune opp til at konsulent ikkje skal vere med på open kontordag/folkemøte.

Framdriftsplan

Innlevering av forstudien innan 1. september 2018.

Vedlegg


Planprogram for Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen, datert 2. oktober 2017.

Skildring av prosjektområde


Lindås kommune gjennomførte 10. januar 2018 synfaring av Kyststien frå Alversund skule til Isdalstø, samt eit strekk frå brufeste til Hagelsundbrua til høgspenteleing mot Isdalstø.

Prosjektområde er delt inn i 8 delstrekningar.

1. Alversund skule – Mangerbua II
2. Mangerbua II – Ikenberget
3. Ikenberget – Kubbaleitet
4. Kubbaleitet
5. Kubbaleitet - Isdalstø
6. Isdalstø - Hagelsund bru
7. Hagelsund bru - Knarvik kai
8. Knarvik kai – Kvassnesstemma



Figur 1 Oversiktskart 8 delstrekningane

Delstrekning	Skildring av delstrekningen
<p data-bbox="300 277 903 311">1. delstrekning Alversund skule – Mangerbua II</p> 	<p data-bbox="1034 277 1166 311"><u>Planstatus</u></p> <p data-bbox="1034 311 1519 524">Kommunedelplan for Knarvik-Alversund (planid 1263-07032007) Områdeplan for Alversund (under utarbeiding-planid 1263_200902). Reguleringsplan Alversund skule – Alvermarka gnr. 137 bnr. 130 m.fl. (planid 1263-200902)</p> <p data-bbox="1034 555 1145 589"><u>Området</u></p> <p data-bbox="1034 589 1519 741">Etablert sti (-system) i dag. Teikn på at sti (-systemet) er i bruk og vert vedlikehaldd (rydding av sti og tiltak for å sikre drenering ble observert under synfaringa).</p> <p data-bbox="1034 772 1342 831">Kupert terreng med store høgdeskilnader.</p> <p data-bbox="1034 862 1519 1104">Ny Alversund skule skal etablerast i området. Viktig å ta omsyn til eksisterande stier, samt kopling til det nye skuleområdet og bustadområde på Mangerbua II, ved fastsetting av trasé for Kyststien. Mogleg å etablere ei rundløype i samband med skuleområdet.</p> <p data-bbox="1034 1135 1278 1169"><u>Universell utforming</u></p> <p data-bbox="1034 1169 1469 1227">Ikkje vurdert som mogleg å etablere Kyststi i tråd med krav til UU.</p>

2. delstrekning Mangerbua II – Ikenberget



Planstatus

Kommunedelplan for Knarvik-Alversund (planid 1263-07032007)
Reguleringsplan Mangerbua II (planid 1263-200817)
Reguleringsplan Alver utmark. Del av gnr. 137 (planid ukjent).

Området

Bebyggd bustadområde. Kyststi er opparbeida i reguleringsplan for Mangerbua II, men opparbeida sti er delvis vaska vekk p.g.a. ikkje tilfredsstillande drenering. Det er troleig for bratt for grussti.

Må vurdere behov for opparbeiding av bru/klopp over Tømmervika – grøntareal med vegetasjon. Merk at det er fornminne i denne vika.

Kyststi må sikre kobling til badeplass ved Gamlestøa.

Universell utforming

Potensiale for delvis tilrettelegging for universell utforming.

3. delstrekning Ikenberget – Kubbaletet



Planstatus

Kommunedelplan for Knarvik-Alversund (planid 1263-07032007)
Reguleringsplan Ikenberget. Del av gnr. 137 (planid 1263-200202).

Området

Bebyggd bustadområde. Areal ned mot sjø er avsatt til friområde i reguleringsplan.

Universell utforming

Potensiale for delvis tilrettelegging for universell utforming.

4. delstrekning Kubbaleitet



Planstatus

Kommunedelplan for Knarvik-Alversund (planid 1263-07032007)
Reguleringsplan for Kubbaleitet (planid 1263-201215).

Området

Kyststien ligg inne i reguleringsplan for Kubbaleitet. Utbyggjar skal opparbeide Kyststien i samband med utbygging av området.

Utfordrande å sikre trasé for Kyststien mellom delstrekning 4 og 5.

Universell utforming

Potensiale for delvis tilrettelegging for universell utforming.

5. delstrekning Kubbaleitet – Isdalstø



Planstatus

Kommunedelplan for Knarvik-Alversund (planid 1263-07032007)
Reguleringsplan Alverneset (planid 1263-201402)
Reguleringsplan Isdalstø kaiområde (planid 1263-200706)

Området

Deler av strekninga er opparbeida og/eller under opparbeiding i reguleringsplan for Alverneset. Kai med sitteplassar er opparbeida ved kaiområdet.

Universell utforming

Kuppert terreng, men mogleg for delvis tilrettelegging for universell tilgang til opparbeida kaiområde med sitteplassar.

6. delstrekning Isdalstø - Hagelsund bru



Planstatus

Kommunedelplan for Knarvik-Alversund
(planid 1263-07032007)
Reguleringsplan Isdalstø kaiområde
(planid 1263-200706)
Reguleringsplan Tunnel på Fv. 57
Knarvik-Isdalstø (planid 1263-201201)

Området


Smalt fortau i Isdalsbakken.

Område mot sjø avsatt til friområde i kommunedelplanen på utsida av eksisterande busetnad. Grønt belte mellom eksisterande bustadområde og sjø.

Universell utforming

Potensiale for delvis tilrettelegging for universell utforming.

7. delstrekning Hagelsund bru - Knarvik kai



Planstatus

Kommunedelplan for Knarvik-Alversund (planid 1263-07032007)
Reguleringsplan Hagelsundet (planid 1263-200302)
Reguleringsplan Felt A (planid 1263-13021975)


Området

Område mot sjø avsatt til friområde i reguleringsplan på utsida av eksisterande busetnad. Grønt belte mellom eksisterande bustadområde og sjø.

Eksisterande fiskeplassar i området rundt Hagelsundet bru.

Universell utforming

Potensiale for delvis tilrettelegging for universell utforming.

<p>8. delstrekning Knarvik kai – Kvassnesstemma</p> 	<p><u>Planstatus</u> Kommunedelplan for Knarvik-Alversund (planid 1263-07032007) Reguleringsplan Felt B (planid 1263-196701) Reguleringsplan Felt C Industriområde i Knarvik (planid 1263-22061989) Reguleringsplan Knarvik Terrasse (planid 1263-200203) Reguleringsplan Felt E Såta (planid 1263-16051983)</p> <p><u>Området</u> Område mot sjø avsatt til friområde i reguleringsplan.</p> <p>Aktuelt å legge til rette for parkområde ved nytt reinseanlegg på Kvassneset.</p> <p>Aktuelt å legge til rette for sitteplassar/utkikkspunkt i grøntareal mot sjø på nedsida av veg ved Kvassnesstemma.</p> <p><u>Universell utforming</u> Potensiale for delvis tilrettelegging for universell utforming.</p>
---	---

I den utstrekning Kunden ønsker det, skal Konsulenten også delta i andre aktivitetar som inngår i prosjektet.

1.2 TOLKING – RANGORDNING

Ved motstrid skal følgande tolkingsprinsipp leggest til grunn:

Endringar til avtalen går framfor den generelle avtaleteksten, men berre i den utstrekning det går fram klart og utvitydig kva for (eit) punkt som er endra, erstatta eller gjort tillegg til. Ved motstrid der endringa ikkje er klart spesifisert som oppgitt, går den generelle avtaleteksten framfor endringane.

1.3 VARIGHEIT

Arbeidet skal byrjast på: Uke **XX**

Tidsramma for bistanden:

Bistanden gjeld inntil 01.09.2018

1.4 PARTANE SINE REPRESENTANTAR

Kvar av partane skal ved inngåinga av avtalen nemne opp ein representant som er gitt fullmakt til å opptre på vegner av partane i saker som gjeld avtalen.
Representant for partane gitt fullmakt:

For Kunden:

Namn:
Stilling:
Telefon:
E-post:

For Leverandøren:

Namn:
Stilling:
Telefon:
E-post:

1.5 NØKKELPERSONELL

Konsulenten sitt nøkkelpersonell i samband med utføringa av bistanden:

Namn	Stilling	Kompetanseområde	E-post	Telefon

Skifte av nøkkelpersonell hos Konsulenten skal godkjennast av Kunden.
Godkjenning kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Ved bytte av personell som skriv seg frå Konsulenten, ber Konsulenten kostnadene ved kompetanseoverføring til nytt personell.

2. ENDRING, STANSING OG AVBESTILLING

2.1 ENDRINGAR I YTINGA ETTER AVTALEINNGÅINGA

Endringar av eller tillegg til den avtalte ytinga skal avtalast skriftleg. Konsulenten skal føre ein fortløpande katalog over slike endringar. Katalogen skal heile tida vere tilgjengeleg for Kunden.

Dersom Konsulenten meiner innhaldet i eller omfanget av bistanden vert endra undervegs, må det utan ugrunna opphald meldast skriftleg til Kunden. Er ikkje det gjort, skal bistanden gjennomførast til avtalt tid og pris.

2.2 MELLOMBELS STANSING AV BISTANDEN

Kunden kan med skriftleg varsel på minimum 5 (fem) kalenderdagar krevje at gjennomføringa av bistanden vert stansa mellombels. Det skal opplysast når bistanden skal stansast og når han er planlagt tatt opp att.

Ved mellombels stans skal Kunden erstatte:

- a) Konsulenten sine dokumenterte kostnader knytte til omdisponering av personell.
- b) Andre direkte kostnader som Konsulenten vert påført som følge av stansinga.

2.3 AVBESTILLING

Bistanden kan avbestillast av Kunden med 30 (tretti) dagars skriftleg varsel.

Ved avbestilling før bistanden er fullført skal Kunden betale:

- a) Det beløpet Konsulenten har til gode for allereie utført arbeid.
- b) Konsulenten sine dokumenterte kostnader knytte til omdisponering av personell.
- c) Andre direkte kostnader som Konsulenten vert påført som følge av avbestillinga.

3. PARTANE SINE PLIKTER

3.1 KONSULENTEN SINE PLIKTER

Bistanden skal gjennomførast i samsvar med avtalen, og skal utførast profesjonelt, effektivt og med høg fagleg standard.

Dersom Konsulenten skal nytte spesifikke standardar og/eller metodar eller liknande, skal dette oppgivast her:(Fylles inn ved behov)

Kunden skal få høve til å kontrollere og etterprøve Konsulenten sitt arbeid og at oppgitte standardar/metodar vert følgde.

Konsulenten skal lojalt samarbeide med Kunden, og vareta Kunden sine interesser.

Førespurnader frå Kunden skal svarast på utan ugrunna opphald.

Konsulenten skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som Konsulenten forstår eller bør forstå at kan få innverknad på gjennomføringa av bistanden, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

3.2 LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR

For avtalar som er omfatta av forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar gjeld dette:

Konsulenten skal på område dekte av forskrift om allmenngjort tariffavtale sørge for at eigne og eventuelle underleverandørar sine tilsette som direkte medverkar til å oppfylle Konsulenten sine forpliktingar under denne avtalen, ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsforhold enn det som følger forskrifta som allmenngjer tariffavtalen. På område som ikkje er dekte av allmenngjort tariffavtale, skal Konsulenten sørge for at dei same tilsette ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn det som følger av gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen. Dette gjeld for arbeid utført i Noreg.

Alle avtalar Konsulenten inngår og som inneber utføring av arbeid som direkte medverkar til å oppfylle Konsulenten sine forpliktingar under denne avtalen, skal innehalde tilsvarande forpliktingar.

Dersom Konsulenten ikkje oppfyller denne forpliktinga, har Kunden rett til å halde tilbake delar av kontraktssummen, tilsvarande ca 2 (to) gonger innsparinga for Konsulenten, inntil det er dokumentert at forholdet er ført i orden.

Oppfylling av Konsulenten sine forpliktingar som nemnt ovanfor, skal dokumenterast ved anten ei vedlagd eigenerklæring eller tredjepartserklæring om at det er samsvar mellom aktuell tariffavtale og faktiske lønns- og arbeidsvilkår for oppfylling av Konsulenten og eventuelle underleverandørar sine forpliktingar.

Konsulenten skal på førespurnad frå Kunden legge fram dokumentasjon om dei lønns- og arbeidsvilkåra som vert brukte. Kunden og Konsulenten kan kvar for seg krevje at opplysningane skal leggast fram for ein uavhengig tredjepart som Kunden har gitt i oppdrag å undersøke om krava i denne regelen er oppfylt. Konsulenten kan krevje at tredjeparten skal ha underteikna ei erklæring om at opplysningane ikkje vil verte nytta for andre føremål enn å sikre oppfylling av Konsulenten si forplikting etter denne regelen. Dokumentasjonsplikta gjeld også underleverandørar.

Nærare presiseringar om gjennomføring av dette punkt 3.2 kan avtalast mellom partane:

3.3 KUNDEN SINE PLIKTER

Kunden skal lojalt medverke til gjennomføring av bistanden.

Førespurnader frå Konsulenten skal svarast på utan ugrunna opphald.

Kunden skal utan ugrunna opphald varsle om forhold som Kunden forstår eller bør forstå at kan få innverknad på gjennomføringa av bistanden, medrekna eventuelle forventa forseinkingar.

3.4 MØTE

Dersom ein part finn det nødvendig, kan parten med minst 3 (tre) yrkedagars varsel innkalle til møte med den andre parten for å drøfte avtaleforholdet og måten avtaleforholdet vert gjennomført på.

3.5 RISIKO OG ANSVAR FOR KOMMUNIKASJON OG DOKUMENTASJON

Begge partar skal sørge for forsvarleg kommunikasjon, oppbevaring og sikkerheitskopiering av dokument og anna materiale som har noko å seie for bistanden uansett form, medrekna e-post og anna elektronisk lagra materiale.

Konsulenten har risikoen og ansvaret for alt materiale uansett form, som vert skadd eller øydelagt medan dei er under kontroll av Konsulenten.

3.6 TEIEPLIKT

Informasjon som partane vert kjende med i samband med avtalen og gjennomføringa av avtalen, skal behandlast konfidensielt, og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten.

Dersom Kunden er ei offentleg verksemd, er teieplikt etter denne regelen ikkje meir omfattande enn det som følger av lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) eller tilsvarande sektorspesifikk regulering.

Teieplikt etter denne føresegna er ikkje til hinder for utlevering av informasjon som er kravd lagt fram i samsvar med lov eller forskrift, medrekna offentlegheit og innsynsrett som følger av lov 19. mai 2006 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova). Om mogleg, skal den andre parten varslast før slik informasjon vert gitt.

Teieplikta er ikkje til hinder for at opplysningane vert brukte når inga rettkomen interesse tilseier at dei vert haldne hemmelege, for eksempel når dei er alminneleg kjende eller alminneleg tilgjengelege andre stader.

Partane skal ta nødvendige forholdsreglar for å sikre at uvedkomande ikkje får innsyn i eller kan verte kjent med teiepliktig informasjon.

Teieplikta gjeld partane sine tilsette, underleverandørar og tredjepartar som handlar på partane sine vegner i samband med gjennomføring av avtalen. Partane kan berre overføre teiepliktig informasjon til slike underleverandørar og tredjepartar i den utstrekning dette er nødvendig for gjennomføring av avtalen, føresett at desse vert pålagde plikt til konfidensialitet tilsvarande dette punkt 3.6.

Teieplikta er ikkje til hinder for at partane kan utnytte erfaring og kompetanse som vert opparbeidd i samband med gjennomføringa av avtalen.

Teieplikta gjeld også etter at avtalen er opphøyrd. Tilsette eller andre som fråtrer tenesta si hos ein av partane skal påleggast teieplikt også etter fråtrekinga om forhold som nemnt ovanfor. Teieplikta fell bort fem (5) år etter leveringsdag, med mindre anna følger av lov eller forskrift.

3.7 SKRIFTLEGHEIT

Alle varsel, krav eller andre meldingar knytte til denne avtalen skal givast skriftleg til den postadressa eller elektroniske adressa som er oppgitt på framsida av avtalen, med mindre partane har avtalt noko anna for den aktuelle typen førespurnad:

4. VEDERLAG OG BETALINGSVILKÅR

4.1 VEDERLAG

Vederlag for bistanden er avtalt som følger:

Timepris:

	Valuta	Beløp	
Pris per time	NOK		ekskl. mva
Meirverdiavgift%	NOK		mva
Pris per time	NOK		inkl. mva

Antall timer: _____

Oppgi den øvre ramma for bistanden:

Totalpris:

	Valuta	Beløp	
Totalpris	NOK		ekskl. mva
Totalpris	NOK		inkl mva

Med mindre anna er oppgitt ovanfor, er alle prisar oppgitt i norske kroner.

Utlegg, inklusive reise- og diettkostnader, vert berre dekte i den grad dei er avtalte.

Reise- og diettkostnader skal spesifiserast særskilt, og vert dekte etter Statens gjeldande satsar dersom ikkje anna er avtalt. Reisetid vert berre fakturert dersom det er avtalt.

4.2 FAKTURERING

Fakturering skjer etterskotsvis pr. månad. Fakturert beløp skal gjelde den tida som er gått med fram til faktureringstidspunktet, og eventuell dekking av utgifter som har kome på i same tidsrom.

Konsulentens sine fakturaer skal spesifiserast og dokumenterast slik at dei kan kontrollerast av Kunden. Alle fakturaer for jamlege timar skal vere vedlagde detaljert spesifisering over timar som er kome på. Utlegg og andre utgifter skal oppgivast særskilt.

Betaling skal skje i samsvar med faktura per 30 (tretti) kalenderdagar.

Faktura skal merkast med:

Referansenummer:

Namn:

Der Kunden har lagt til rette for det, skal Konsulentens levere faktura, kreditnotaer og purringar i samsvar med det fastsette formatet Elektronisk handelsformat (EHF).

Eventuelle vilkår for bruk av EHF:

Konsulentens må sjølv bere eventuelle kostnader leveranse av elektronisk faktura måtte medføre for denne.

4.3 FORSEINKINGSRENTE

Dersom Kunden ikkje betaler til avtalt tid, har Konsulentens krav på rente av det beløpet som er forfalle til betaling, i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (forseinkingsrentelova).

4.4 BETALINGSMISLEGHALD

Dersom forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter ikkje er betalt innan 30 (tretti) kalenderdagar frå forfall, kan Konsulenten sende skriftleg varsel til Kunden om at avtalen vil verte heva dersom oppgjer ikkje er skjedd innan 60 (seksti) kalenderdagar etter at varselet er mottatt.

Heving kan ikkje skje dersom Kunden gjer opp forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter innan utløpet av fristen.

4.5 PRISENDRING

Prisane kan endrast i den utstrekning reglane for offentlege avgifter vert endra med verknad for Konsulenten sitt vederlag eller kostnader.

Prisen kan endrast kvart årsskifte, avgrensa oppover til eit beløp som tilsvarer auken i konsumprisindeksen (hovudindeksen) ved Statistisk sentralbyrå, første gong med utgangspunkt i indeksen for den månaden avtalen vart inngått.

5. OPPHAVS- OG EIGEDOMSRETT

Eigedomsrett, opphavsrett og andre relevante materielle og immaterielle rettar til resultat av bistanden tilkjem Kunden når betaling er skjedd, med dei avgrensingane som følger av ufråvikeleg lov.

Rettane omfattar også rett til endring og vidareoverdraging, jf lov 12. mai 1961 nr. 2 om opphavsrett til åndsverk mv. (åndsverklova) § 39b.

Konsulenten beheld rettane til eigne verktøy og metodegrunnlag. Begge partar kan også utnytte generell kunnskap (know-how) som ikkje er teiepliktig og som dei har tileigna seg i samband med bistanden.

6. MISLEGHALD

6.1 KVA SOM VERT REKNA SOM MISLEGHALD

Det ligg føre misleghald dersom ein av partane ikkje oppfyller forpliktingane sine etter avtalen, og det ikkje kjem av forhold som den andre parten er ansvarleg for, eller force majeure.

6.2 VARSLINGSPLIKT

Dersom ein av partane ikkje kan oppfylle pliktene sine som avtalt, skal parten så raskt som mogleg gi den andre parten skriftleg varsel om dette. Varselet skal opplyse om årsaka til problemet og så vidt det er mogleg oppgi når ytinga kan leverast. Tilsvarande gjeld dersom det må reknast med ytterlegare forseinkingar etter at første varsel er gitt.

6.3 SANKSJONAR VED MISLEGHALD

6.3.1 Tilbakehald av ytingar

Ved misleghald frå Konsulenten kan Kunden halde betalinga tilbake, men ikkje openbert meir enn det som er nødvendig for å sikre Kunden sitt krav som følger av misleghaldet. Konsulenten kan ikkje halde tilbake ytingar som følge av misleghald frå Kunden, med mindre misleghaldet er vesentleg.

6.3.2 Prisavslag

Dersom det trass gjentatte forsøk ikkje har lykkast Konsulenten å avhjelpe ein mangel, kan Kunden krevje forholdsmessig avslag i kontraktssummen. Prisavslag er kompensasjon for redusert verdi av det leverte, og er uavhengig av eventuell erstatning.

6.3.3 Heving

Dersom det ligg føre vesentleg misleghald, kan den andre parten, etter å ha gitt den misleghaldande part skriftleg varsel og rimeleg frist til å bringe forholdet i orden, heve heile eller delar av avtalen med omgåande verknad.

Dersom det som er prestert fram til hevingstidspunktet, er av ein slik art at Kunden har lite eller inga nytte av det presterte på hevingstidspunktet, kan Kunden i samband med heving velje å krevje tilbakebetalt vederlag for jamlege timar og eventuelle utgifter som Konsulenten har tatt mot under avtalen, med tillegg av renter, tilsvarende NIBOR pluss 1 (ein) prosent, frå det tidspunktet betaling er skjedd. Elles skal Kunden, i den utstrekning Kunden kan utnytte desse ytingane som føresett, betale for ytingar som var presterte før hevingstidspunktet med frådrag av prisavslag i samsvar med punkt 6.3.2.

6.3.4 Erstatning

Ein part kan krevje erstatta kvart eit direkte tap, medrekna meirkostnader Kunden får ved dekningskjøp, tap som kjem av meirarbeid og andre direkte kostnader i samband med forseinking, mangel eller anna misleghald i samsvar med punkt 6.1, med mindre den misleghaldande parten godtgjer at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje skriv seg frå den misleghaldande parten.

6.3.5 Erstatningsavgrensing

Erstatning for indirekte tap kan ikkje krevjast. Indirekte tap omfattar, men er ikkje avgrensa til, tapt fortjeneste av alle artar, tapte innsparingar, tap av data, og krav frå tredjepartar med unntak av erstatningsansvar ein er dømt til for rettsmanglar.

Samla erstatning i avtaleperioden er avgrensa til eit beløp som svarer til avtalt vederlag eller eit øvre estimat for bistanden, eksklusive meirverdiavgift.

Desse avgrensingane gjeld likevel ikkje dersom den misleghaldande parten eller nokon denne svarer for, har utvist grov aktløyse eller forsett.

7. ANDRE VILKÅR

7.1 FORSIKRINGAR

Dersom Kunden er ei offentleg verksemd, står Kunden som sjølvassurandør. Dersom Kunden ikkje står som sjølvassurandør, pliktar Kunden å ha forsikringar som er tilstrekkelege til å dekke dei krava frå Konsulenten som følger av Kunden sin risiko eller ansvar etter denne avtalen innanfor ramma av alminnelege forsikringsvilkår.

Konsulenten pliktar å ha forsikringar som er tilstrekkelege til å dekke dei krava frå Kunden som følger av Konsulenten sin risiko eller ansvar etter denne avtalen innanfor ramma av alminnelege forsikringsvilkår. Denne forpliktinga vert rekna som oppfylt dersom Konsulenten teiknar ansvars- og risikoforsikring på vilkår som er rekna som ordinære innanfor norsk forsikringsverksemd.

7.2 OVERDRAGING AV RETTAR OG PLIKTER

I den grad Kunden er ei offentleg verksemd, kan Kunden overdra sine rettar og plikter etter denne avtalen til anna offentleg verksemd. Den verksemda som får rettar og plikter overdratt, har rett til tilsvarande vilkår, såframt rettane og pliktene i avtalen vert overdratt samla.

Konsulenten kan berre overdra sine rettar og plikter etter avtalen med skriftleg samtykke frå Kunden. Dette gjeld også dersom Konsulenten vert delt i fleire selskap, eller dersom overdraginga skjer til eit dotterselskap eller anna selskap i same konsern, men ikkje dersom Konsulenten slår seg saman med eit anna selskap. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Retten til overdraging i avsnittet over gjeld berre dersom den nye leverandøren oppfyller dei opphavlege kvalifikasjonskrava, det ikkje vert gjort andre vesentlege endringar i kontrakten og overdraging ikkje skjer for å omgå regelverket om offentlege anskaffingar.

Retten til vederlag etter denne avtalen kan fritt overdragast. Slik overdraging fritar ikkje vedkomande part frå hans forplikting og ansvar.

7.3 KONKURS, AKKORD E.L.

Dersom det i samband med verksemda til Konsulenten vert opna gjeldsforhandlingar, akkord eller konkurs, eller anna form for kreditorstyring gjer seg gjeldande, har Kunden rett til å heve avtalen med omgåande verknad, såframt ikkje anna følger av ufråvikeleg lov.

7.4 FORCE MAJEURE

Skulle det inntreffe ein ekstraordinær situasjon som ligg utanfor partane sin kontroll som gjer det uråd å oppfylle plikter etter denne avtalen og som etter norsk rett må reknast som force majeure, skal motparten varslast om dette så raskt som mogleg. Forpliktingane til den ramma parten vert suspenderte så lenge den ekstraordinære situasjonen varer. Motytinga frå den andre parten vert suspendert i same tidsrom.

Motparten kan i force majeure-situasjonar berre heve avtalen med samtykke frå den ramma parten, eller dersom situasjonen varer eller er venta å ville vare lenger enn 90 (nitti) kalenderdagar rekna frå det tidspunktet situasjonen inntreffer, og då berre med 15 (femten) kalenderdagens varsel.

I samband med force majeure-situasjonar har partane gjensidig informasjonsplikt overfor kvarandre om alle forhold som må ventast å ha noko å seie for den andre parten. Slik informasjon skal givast så raskt som mogleg.

8. TVISTAR

8.1 RETTSVAL

Partane sine rettar og plikter etter denne avtalen vert i heilskap fastsette etter norsk rett.

8.2 FORHANDLINGAR

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsverknadene av avtalen, skal tvisten først søkast løyst gjennom forhandlingar.

8.3 MEKLING

Dersom ein tvist i tilknytning til denne avtalen ikkje vert løyst etter forhandlingar, kan partane forsøke å løyse tvisten ved mekling.

Partane kan velje å legge Den Norske Advokatforening sine reglar for mekling ved advokat til grunn, eventuelt modifisert slik partane ønsker. Det er føresett at partane vert samde om ein meklar med den kompetansen partane meiner passar best ut frå tvisten.

Den nærare framgangsmåten for mekling vert fastsett av meklaren, i samråd med partane.

8.4 DOMSTOLS- ELLER SKILSDOMSBEHANDLING

Dersom ein tvist ikkje vert løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Forretningsadressa til Kunden er verneting.

Partane kan alternativt avtale at tvisten vert avgjort med endeleg verknad ved skiltdom.

9. ANDRE ENDRINGAR OG TILLEGG TIL AVTALETEKSTEN

Punkt	Vert erstatta med
-------	-------------------

